



Leiarlønnsrapport 2025

Framlagt for generalforsamlinga 26.03.2026

SpareBank 
SOGN OG FJORDANE

Innholdsliste

1.	Innleiing	4
2.	Godtgjersle til leiande tilsette	5
3.	Godtgjersle til styret.....	7
4.	Overordna utvikling i godtgjersle	10
5.	Etterleving og oppfølging av retningslinjene	12
6.	Informasjon om rådgjevande avstemming for 2024.....	12

Dokumentkontroll

Eigar og godkjennar:	Styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane
Ansvarleg:	Trond Teigene, administrerande direktør
Oppretta dato:	13.02.2026
Sist oppdatert:	13.02.2026

Endringslogg

Siste endringa øvst.

Dato	Versjon nr.	Kap.	Kort beskriving	Sign
13.02.2026	1.0		Vedtatt av styret	MHE

1. Innleiing

Formålet med rapporten er å gi ei oversikt over lønn og anna godtgjersle til leiande personar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane (morbank) for det siste rekneskapsåret. Rapporten er utarbeidd på bakgrunn av dei krav som går fram av allmennaksjelova § 6-16b og Forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjørelse for ledende personer. Leiande personar i morbank er definert til å omfatte medlemmer av styret («styremedlemmer»), administrerande direktør og resten av konsernleiinga («leiande tilsette»).

Lov og forskrift nemnde i førre avsnitt gjeld selskap med aksjar tatt opp til handel på regulert marknad. Banken sine eigenkapitalbevis er ikkje tatt opp til handel på regulert marknad, men Banken har likevel valt å etablere retningslinjer og rapportere i samsvar med dette regelverket for å vere open og dele same informasjon som andre bankar vi samanliknar oss med.

Rapporten er utarbeidd av styret i SpareBank 1 Sogn og Fjordane for handsaming i den ordinære generalforsamlinga i 2026. Rapporten skal stadfeste etterleving av Retningslinjer for godtgjersle til leiande personar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Godtgjersleutvalet

Styret har i samsvar med finansføretakslova og -forskrifta, begge kapittel 15, sett ned eit godtgjersleutval med styreleiaren og to styremedlemmer. Den eine utvalsmedlemmen, som er vald av dei tilsette, representerer dei tilsette. Utvalet er eit rådgjevande organ for styret, og skal mellom anna som eit saksførebuande organ, syte for ei grundig og uavhengig førebuing av saker som gjeld prinsipp for godtgjersle til leiande tilsette i banken. Godtgjersleutvalet har hatt 6 møter i 2025.

Styret har etter tilråding frå godtgjersleutvalet fastsett ei godtgjersleordning for alle tilsette. Denne rapporten om godtgjersle for leiande personar gjeld berre godtgjersle til styret, administrerande direktør og resten av konsernleiinga.

All godtgjersle i SpareBank 1 Sogn og Fjordane skal vere i samsvar med banken sine overordna mål, risikotoleranse og langsiktige interesser. Godtgjersla skal medverke til å fremje god styring av og kontroll med banken sin risiko, og ikkje oppmode til å ta for høg risiko. Den skal også medverke til å unngå interessekonfliktar.

Informasjon om Banken si Godtgjersleordning og Retningslinjer for godtgjersle til leiande personar er tilgjengeleg på [banken si nettside](#).

Resultat i 2025

Konsernet oppnådde i 2025 eit resultat etter skatt på 886,3 mill. kroner mot 991,8 mill. kroner i 2024. Eigenkapitalavkastninga for 2025 blei 11,9 prosent mot 13,8 prosent for 2024. Rein kjernekapitaldekning var 17,8 prosent ved utgangen av 2025 mot 17,1 prosent ved utgangen av 2024. Dette er godt over det regulatoriske kravet på 15,0 prosent.

For utfyllande informasjon om Banken og konsernet sine resultat, sjå styret si årsmelding i årsrapporten.

2. Godtgjersle til leiande tilsette

I tråd med Banken sine retningslinjer for godtgjersle til leiande personar, kan godtgjersle til leiande tilsette bestå av fast godtgjersle (hovudelement), variabel godtgjersle, pensjonsordningar, tildeling av eigenkapitalbevis, aksjar, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigarkapitalbevis, aksjar eller utviklinga av kursen på eigenkapitalbevis i banken eller aksjar i selskap innanfor same konsern, naturalytingar/andre tilsettegode, etterlønnsordningar og styrehonorar konsernselskap/tilknytte selskap.

Fast godtgjersle

Fastlønn er hovudelementet i den samla godtgjersla. Vurdering av fastlønn til administrerande direktør tar utgangspunkt i samla prestasjonar samanhalde med dei overordna styrande dokument og finanskonsernet sitt finansielle resultat. Styret vurderer og fastset årleg administrerande direktør si samla godtgjersle etter tilråding frå godtgjersleutvalet.

Den årlege vurderinga av andre leiande tilsette si godtgjersle er basert på gjeldande Godtgjersleordning, Lønnspolitikk og leiarlønnsprinsipp. Godtgjersla vert fastsett etter ei vurdering av oppnådde resultat, individuelle prestasjonar og vilkår i marknaden for dei ulike ansvarsområda, og skal fremje gode prestasjonar og sikre at Banken når strategiske mål. Fastsetjing av godtgjersla skal ikkje skade Banken sitt omdømme eller vere marknadsleiande. Samla godtgjersle vert vurdert og fastsett av administrerande direktør etter drøftingar med godtgjersleutvalet.

Variabel godtgjersle

Ingen tilsette i Banken, heller ikkje leiande tilsette, har variabel godtgjersle basert på prestasjonar eller resultat, utover moglege eingongstillegg som er beskrive i Godtgjersleordninga.

I 2025 har det blitt utbetalt til saman 80.000 i eingongstillegg til to leiande tilsette, ein av desse med kontrolloppgåver, på bakgrunn av tung arbeidsbelastning over ein lengre periode.

Pensjonsordningar

Leiande tilsette er medlem i den kollektive innskotsordninga etter lov om innskotspensjon på lik linje med andre tilsette. Innskotssatsane er 7,0% av ordinær lønn mellom 0,0 og 7,1G og 15,0% mellom 7,1 og 12,0G.

Administrerande direktør har i tillegg ei avtale om supplerande innskotspensjon og uførepensjon. Avtalen om supplerande innskotspensjon inneber at banken betalar eit årleg pensjonsinnskot på 25 % av årleg grunnlønn. Avtalen om supplerande uførepensjon inneber at han har rett til uførepensjon på 70 % av årleg grunnlønn utover 12G. Administrerande direktør sin pensjonsalder føl andre tilsette i Banken.

Leiande tilsette er omfatta av banken si AFP-ordning med rett til å gå av med pensjon frå fylte 62 år, på lik linje med andre tilsette. Uttak gir rett til ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7G.

Seks leiande tilsette var tilsett i banken før 1. juni 2016 og er såleis omfatta av den

kollektive kompensasjonsordninga relatert til omlegging frå yting- til innskotbasert pensjonsordning per 1. juni 2016, etter same generelle reglar som for resten av tilsette.

Tildeling av eigenkapitalbevis, aksjar, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigarkapitalbevis, aksjar eller utviklinga av kursen på eigenkapitalbevis i banken eller aksjar i selskap innanfor same konsern

Sju av åtte leiande tilsette har i 2025 deltatt i Banken si spareordning for eigenkapitalbevis som gjeld alle tilsette. Desse har kjøpt innanfor maksgrensa på 1000 EK-bevis per tilsett, og leiande tilsette har til saman kjøpt 1540 EK-bevis i 2025.

Utover dette har banken ikkje godtgjersleordningar i form av tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar eller andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis, anna enn unntak som følgjer av banken si godtgjersleordning.

Naturalytingar/andre tilsettegode

Andre tilsettegode omfattar både individuelle gode og kollektive gode. Leiande tilsette har individuelle avtaler om fri bil, bilgodtgjersle, telefon, avis, internett og parkering. Leiande tilsette tar vidare del i dei til ei kvar tid gjeldande kollektive gode som gjeld for alle tilsette.

Naturalytingane er ikkje av vesentleg verdi i forhold til den tilsette si fastlønn.

Etterlønnsordningar

Det har ikkje blitt utbetalt etterlønn eller kompensasjon for konkurranseklausul til leiande tilsette i 2025.

Styrehonorar konsernselskap/tilknytte selskap

Ingen leiande tilsette har mottatt styrehonorar for styreverv i andre selskap i konsernet.

Ein leiande tilsett har mottatt styrehonorar for styreverv i SpareBank 1 Finans Midt Norge AS, og ein leiande tilsett har mottatt honorar som medlem i generalforsamlinga til Banken.

Endringar i leiande tilsette

Det har ikkje vore endringar i leiande tilsette i 2025.

Tabellen nedanfor viser samla godtgjersle til leiande tilsette for rekneskapsåret 2024 og 2025.

Opplysningar og samla godtgjerse til leiande tilsette													
Navn på ledende person, stilling	År	1 Fast godtgjærsele			2 Variabel godtgjærsele		3 Ekstraordinære poster	4 Pensjons-kostnad	5 Total godtgjærsele	Ytelse i %		Lån og forskudd	Eigenkapital-bevis pr. 31.12
		Fastlønn	Honorar	Natural-yttingar	Ett-års variabel	Flerårig variabel				Fast Ytelse	Variabel ytelse		
Trond Teigene, administrerande direktør	2025	3.809		290				1.397	5.497	100,0 %	0,0 %	12.229	4.400
	2024	3.397		340	15			1.249	5.000	99,6 %	0,4 %	12.930	4.175
Frode Vasseth, direktør økonomi og finans	2025	1.735		269				256	2.261	100,0 %	0,0 %	3.638	4.600
	2024	1.640		282	115			238	2.274	94,4 %	5,6 %	6.043	3.925
Roy Stian Farsund, direktør bedriftsmarknad 2)	2025	1.663	79	312	30			259	2.342	98,6 %	1,4 %	3.721	1.750
	2024	1.574	75	310	15			240	2.214	99,2 %	0,8 %	3.746	1.500
Linda Vøllestad Westbye, direktør privatmarknad	2025	1.483		252				173	1.908	100,0 %	0,0 %	12.753	2.300
	2024	1.404		248	15			147	1.814	99,1 %	0,9 %	12.906	2.000
Eirik Rostad Ness, HR-direktør	2025	1.339		147				196	1.682	100,0 %	0,0 %	799	2.587
	2024	1.286		174	15			180	1.656	99,0 %	1,0 %	1.073	2.172
Johanne Viken Sandnes, kommunikasjonsdirektør	2025	1.340		178				144	1.662	100,0 %	0,0 %	6.814	600
	2024	1.252		204	50			122	1.628	96,7 %	3,3 %	4.436	499
Reiel Haugland, teknologidirektør	2025	1.553		249				212	2.015	100,0 %	0,0 %	7.402	948
	2024	1.467		286	115			196	2.063	93,8 %	6,2 %	7.676	898
Jill Aasen Hole, fungerande teknologidirektør 1)	2025								-				
	2024	955		81	15			86	1.137	98,6 %	1,4 %	3.812	635
Harald Slettvoll, leiar risikostyring og etterleving 3)	2025	1.345	4	161	50			200	1.761	96,8 %	3,2 %	2.646	4.957
	2024	1.257	6	180	15			179	1.636	99,0 %	1,0 %	1.615	4.732
Totalt	2025	14.268	83	1.860	80	-	-	2.837	19.128	99,5 %	0,5 %	50.002	22.142
Totalt	2024	14.231	81	2.104	370	-	-	2.637	19.422	97,8 %	2,2 %	54.237	20.536

1) Fungerande teknologidirektør og i konsernleiing frå 01.11.2023 til 31.12.2024.
2) I kolonna for honorar er det honorar for styreverv i selskap SB1- alliansen
3) I kolonna for honorar er det honorar som medlem frå dei tilsette i generalforsamlinga
4) I kolonne for fast og variabel ytelse i % er det fast godtgjersle og variabel godtgjersle som er medrekna, ikkje pensjonskostnad.

3. Godtgjersle til styret

Generalforsamlinga fastset godtgjersle til medlemmer av styret på grunnlag av valnemnda si innstilling. Styremedlemene mottar fast styrehonorar per år og per møte og har ikkje resultatbasert godtgjersle. Godtgjersla skal reflektere vervet sin kompleksitet, ansvar og tidsbruk samt stå i målestokk til tilsvarende godtgjersler i samanliknbare selskap.

Deltaking i revisjonsutval, risikoutval og godtgjersleutval blir kompensert etter faste satsar per år og per møte, jf. tabell nedanfor. Utover det faste honoraret blir styremedlemene sine utlegg og reiseutgifter i samband med styrevervet dekt. Varamedlemmer får ikkje fast honorar, men godtgjersle per møte. Styremedlemmene kan ta del i spareordninga for eigenkapitalbevis, men får ikkje bonusbevis slik som tilsette i banken.

Honorarsatsar - fast årleg				Honorarsatsar - per møte		
Styre (tal i 1000)	2025	2024	Endring %	2025	2024	Endring %
Leiar	273,0	260,0	5,00	5,8	5,5	5,45
Nestleiar	153,0	145,0	5,52	5,8	5,5	5,45
Medlem	105,0	100,0	5,00	5,8	5,5	5,45
Varamedlem	-	-		9,0	8,5	5,88
Revisjonsutvalet (tal i 1000)						
Leiar	23,1	22,0	5,00	4,7	4,4	6,82
Medlem	11,6	11,0	5,45	4,7	4,4	6,82
Risikoutvalet (tal i 1000)						
Leiar	23,1	22,0	5,00	4,7	4,4	6,82
Medlem	11,6	11,0	5,45	4,7	4,4	6,82
Godtgjersleutvalet (tal i 1000)						
Leiar	11,6	11,0	5,45	4,7	4,4	6,82
Medlem	6,3	6,0	5,00	4,7	4,4	6,82

Satsar for 2025 vart gjeldande frå 01.04.25

Satsar for 2024 vart gjeldande frå 01.04.24

Møter under 2 timar har halv sats

Ingen av styret sine medlemmer valt av Generalforsamlinga har oppgåver for konsernet utover styrevervet. Tilsettevalde styremedlemmer mottar i tillegg til styrehonorar fastsett av generalforsamlinga også anna godtgjersle som basislønn m.m. på lik linje med andre tilsette. Denne rapporten omfattar berre honorar den enkelte har mottatt i eigenskap av å vere styremedlem i Banken. Det vil seie at den ikkje inkluderer godtgjersle tilsettevalde styremedlemmer har mottatt i eigenskap av å vere tilsett.

Det har i løpet av året vore utskifting av ein person (tilsettrepresentant) i styret.

Tabellen nedanfor viser samla godtgjersle til medlemmer av styret.

Opplysningar og samla godtgjersle til medlemmar av styre												
Navn på ledende person, stilling	År			2		3	4	5	Ytelse i %		Lån og forskudd	Eigenkapitalbevis pr. 31.12
		Honorar	Andre ytelsar	Ett-års variabel	Flerårig variabel	Ekstraordinære poster	Pensjonskostnad	Total godtgjersle	Fast Ytelse	Variabel Ytelse		
Lise Mari Haugen, Styreleiar	2025	391	-	-	-	-	-	391	100,0 %	-	3.366	450
	2024	343	1	-	-	-	-	344	100,0 %	-	3.926	450
Magny Øvrebe, nestleiar	2025	271	2	-	-	-	-	273	100,0 %	-	-	-
	2024	245	2	-	-	-	-	247	100,0 %	-	-	-
Johnny Haugsbakk, medlem	2025	216	-	-	-	-	-	216	100,0 %	-	-	4.000
	2024	189	-	-	-	-	-	189	100,0 %	-	133	3.000
Geir Opseth, medlem 1)	2025	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
	2024	56	-	-	-	-	-	56	100,0 %	-	-	-
Monica Rydland, medlem 2)	2025	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
	2024	50	1	-	-	-	-	51	100,0 %	-	3.181	-
Kristian Skibenes, medlem	2025	226	-	-	-	-	-	226	100,0 %	-	4.291	3.000
	2024	196	1	-	-	-	-	197	100,0 %	-	4.356	2.000
Silje Skaar Sunde, medlem 3)	2025	219	-	-	-	-	-	219	100,0 %	-	8.963	-
	2024	138	-	-	-	-	-	138	100,0 %	-	8.743	-
Vegard Strand, medlem 4)	2025	228	-	-	-	-	-	228	100,0 %	-	583	-
	2024	143	-	-	-	-	-	143	100,0 %	-	786	-
Jan Nikolai Hvidsten varamedlem	2025	29	-	-	-	-	-	29	100,0 %	-	5.100	4.100
	2024	53	-	-	-	-	-	53	100,0 %	-	-	3.100
Bjørn-Egil Holmøyvik, varamedlem tilsettere representant	2025	5	-	-	-	-	-	5	100,0 %	-	2.962	726
	2024	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
Helene Gåsemyr, varamedlem tilsettere representant	2025	57	-	-	-	-	-	57	100,0 %	-	-	1.505
	2024	23	-	-	-	-	-	23	100,0 %	-	1.216	1.280
Ole -Hermann Rognsøy, medlem tilsettere representant 5)	2025	241	-	-	-	-	-	241	100,0 %	-	6.185	1.385
	2024	130	-	-	-	-	-	130	100,0 %	-	5.874	1.160
Camilla Chruickshank Holvik, medlem tilsettere representant 6)	2025	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
	2024	185	-	-	-	-	-	185	100,0 %	-	-	-
Ole Martin Eide, medlem tilsettere representant 7)	2025	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
	2024	38	-	-	-	-	-	38	100,0 %	-	1.298	-
Stine Solheimsnes Sunde medlem tilsettere representant 8)	2025	157	-	-	-	-	-	157	100,0 %	-	2.830	2.633
	2024	-	-	-	-	-	-	-	100,0 %	-	-	-
Totalt	2025	2.040	2	-	-	-	-	2.042	100,0 %	-	34.280	17.799
Totalt	2024	1.789	5	-	-	-	-	1.794	100,0 %	-	29.513	10.990

1) t.o.m 22.03.24
2) t.o.m 22.03.24
3) f.o.m 22.03.24
4) f.o.m 22.03.24
5) f.o.m 22.03.24
6) t.o.m 31.12.24
7) t.o.m 22.03.24
8) f.o.m. 27.03.25

4. Overordna utvikling i godtgjersle

Tabellen nedanfor inneheld informasjon om årlege endringar i total godtgjersle til kvart medlem i konsernleiinga saman med den økonomiske utviklinga i banken, samanlikna med utviklinga i gjennomsnittsgodtgjersla til fulltidstilsette i banken i dei siste to år (2024-2025). Godtgjersla har blitt annualisert i tilfelle der leiande personar ikkje har jobba i stillinga heile året. Sidan Banken ikkje har krav om å rapportere etter dette regelverket begynner vi i 2025-rapporten med oversikt over to siste år, og utvidar kvart år til vi har til saman fem år.

Årlege endringar (tal i 1000)	2025	2024*
Trond Teigene, administrerende direktør	5.497	5.000
%-endring pr. år	9,9 %	10,3 %
Frode Vasseth, direktør økonomi og finans	2.261	2.274
%-endring pr. år	-0,6 %	18,3 %
Roy Stian Farsund, direktør bedriftsmarknad	2.342	2.214
%-endring pr. år	5,8 %	17,4 %
Linda Vøllestad Westbye, direktør privatmarknad	1.908	1.814
%-endring pr. år	5,2 %	11,9 %
Eirik Rostad Ness, HR-direktør	1.682	1.656
%-endring pr. år	1,6 %	10,6 %
Johanne Viken Sandnes, kommunikasjonsdirektør	1.662	1.628
%-endring pr. år	2,1 %	22,1 %
Reiel Haugland, teknologidirektør	2.015	2.063
%-endring pr. år	-2,3 %	22,7 %
Jill Aasen Hole, fungerende teknologidirektør 1)		1.137
%-endring pr. år		n/a
Harald Slettvoll, leiar risikostyring og etterleving	1.761	1.636
%-endring pr. år	7,6 %	13,1 %

Selskapets utvikling (tal i 1000)	2025	2024
Årsresultat konsern etter skatt	886.312	991.874
%-endring pr. år	-10,6 %	17,0 %
Eigenkapitalavkastning	11,9 %	13,8 %
%-poeng endring pr. år	-1,9 %	1,2 %

Gjennomsnittleg godtgjersle for alle tilsette (utanom konsernleiinga) (tal i 1000)	2025	2024*
Tilsette i morbank	753	757
%-endring pr. år	-0,5 %	12,5 %

1) Fungerende teknologidirektør og i konsernleiing frå 01.11.2023 til 31.12.2024.

* Det vart gjennomført ei eingongstildeling av EK-bevis til alle fast tilsette i desember 2024. Ramma for tildeling av EK-bevis var 100 EK-bevis per tilsett pluss eit kontantvederlag på kr. 15.000. Samla verdi per tilsett var på om lag kr. 45.000.

Dette påverkar %-vis endring både ved at den blir høgare enn normal frå 2023-2024 og lågare enn normalt frå 2024-2025.

Sjå meir informasjon i banken sin årsrapport for 2025.

Tabellen nedanfor inneheld informasjon om årlege endringar i total godtgjersle til kvart medlem i styret dei siste to åra. Sidan Banken ikkje har krav om å rapportere etter dette regelverket begynner vi i 2025-rapporten med oversikt over to siste år, og utvidar kvart år til vi har til saman fem år.

Årlege endringar (tal i 1000)	2025	2024
Lise Mari Haugen, Styreleiar	391	344
%-endring pr. år	13,7 %	18,0 %
Magny Øvrebø, nestleiar	273	247
%-endring pr. år	10,5 %	15,0 %
Johnny Haugsbakk, medlem	216	189
%-endring pr. år	14,3 %	1,0 %
Geir Opseth, medlem 1)		56
%-endring pr. år	n/a	-70,0 %
Monica Rydland, medlem 2)		51
%-endring pr. år	n/a	-70,0 %
Kristian Skibenes, medlem	226	197
%-endring pr. år	14,7 %	46,0 %
Silje Skaar Sunde, medlem 3)	219	138
%-endring pr. år	58,7 %	n/a
Vegard Strand, medlem 4)	228	143
%-endring pr. år	59,4 %	n/a
Jan Nikolai Hvidsten, varamedlem	29	53
%-endring pr. år	-45,3 %	-26,4 %
Bjørn-Egil Holmøyvik, varamedlem tilsettere representant	5	-
%-endring pr. år	n/a	
Helene Gåsemyr, varamedlem tilsettere representant	57	23
%-endring pr. år	147,8 %	n/a
Ole -Hermann Rognsøy, medlem tilsettere representant 5)	241	130
%-endring pr. år	85,4 %	n/a
Camilla Chruickshank Holvik, medlem tilsettere representant 6)		185
%-endring pr. år	n/a	46,0 %
Ole Martin Eide, medlem tilsettere representant 7)		38
%-endring pr. år	n/a	-80,0 %
Stine Solheimsnes Sunde, medlem tilsettere representant 8)	157	-
%-endring pr. år	n/a	-

1) t.o.m 22.03.24

2) t.o.m 22.03.24

3) f.o.m 22.03.24

4) f.o.m 22.03.24

5) f.o.m 22.03.24

6) t.o.m 31.12.24

7) t.o.m 22.03.24

8) f.o.m. 27.03.25

5. Etterleving og oppfølging av retningslinjene

Styret er ansvarleg for å føre ein forsvarleg lønnspolitikk innanfor rammene av retningslinjene og etter Banken sine økonomiske bereevner og langsiktige interesser.

Det er styret si vurdering at godtgjersle til leiande personar for rekneskapsåret 2025 er i samsvar med retningslinjene for godtgjersle til leiande personar. Godtgjersle til leiande personar er vurdert til å understøtte strategien, langsiktige interesser og ei berekraftig utvikling i Banken ved å gi incentiv til god styring av og kontroll med konsernet sin risiko, motverke for høg risikotaking og bidra til å unngå interessekonfliktar. Det har ikkje skjedd avvik frå gjeldande retningslinjer for utbetalingar til leiande personar.

Banken har ikkje variabel godtgjersle basert på prestasjonar eller resultat.

Retningslinjer om godtgjersle til leiande personar blir for første gang vedtatt av Banken si ordinære generalforsamling 26.03.2026. Retningslinjene er tilgjengeleg på [banken si nettside](#).

Sidan Banken ikkje er lovpålagt å utarbeide retningslinjer og rapport, er ikkje desse revidert av revisor.

6. Informasjon om rådgjevande avstemming for 2024

Generalforsamlinga har ikkje behandla rapport for 2024. Rapporten blir utarbeidd for første gang i 2026 for rekneskapsåret 2025, og blir framlagt for generalforsamlinga 26.03.2026.